

## 2 Kvantitative endringar i den samiske språksituasjonen i Noreg

Jon Todal, professor dr.art., Sámi allaskuvla /Samisk høgskole, Guovdageai

### Ei kunnskapsoppsummering

Statistikk er ein nyttig reiskap i det politiske arbeidet for å styrke minoritetsspråk. For å få til ei god offentleg språkplanlegging er det viktig å vita kor mange som forstår språket, kor mange som snakkar det, kor mange som les og skriv det, kor gamle desse er og kvar dei bur, kor mange familiar som overfører språket på uformelt vis mellom generasjonane heime, kor mange som kjem i kontakt med språket i barnehagen og på skulen, kor mykje språket blir brukt i dei mest populære media, og i kor stor grad ein kan bruke språket i møte med offentleg forvaltning.

Å få tal for alt dette er likevel ikkje nok for å få til ei god språkplanlegging. For å kunna tolke tala, må vi òg ha samanliknbare tal som syner endringar *over tid*. Ein må helst vita i kva *retning* utviklinga går, før ein set inn eventuelle tiltak.

Det meste av forskning på samiske språk er gjort innanfor grammatikk og språkhistorie. Denne forskinga konsentrerer seg om sjølve språket, meir eller mindre uavhengig av samfunnstilhøve. I dei siste åra er det likevel gjort ein del forskingsarbeid som ser samisk språk i eit samtidig samfunnsperspektiv. Dei fleste av dei sistnemnde arbeida har teke opp spørsmål knytte til språkskifte, revitalisering og etnisk identitet, og faktagrunnlaget har då oftast vore djupintervju. Tal og statistikk er såleis heller uvanlege innslag i samisk språkforskning. Her skal vi sjå nærare på det som likevel finst av publiserte kvantitative kjelder og publisert kvantitativ forskning på samisk språk. Dei rapportane og artiklane som vi ser på, inneheld fleire statistikkar og kvantitative opplysningar enn dei som vi drøftar her. Prinsippet for utvalet er at vi har sett etter tal som kan fortelja oss noko om *endringar* i den samiske språksituasjonen. Vi ser på fem område: (1) kjelder for det totale talet på samisktalande, (2) kvantitativ forskning som seier noko om overføring av samisk språk i heimane, (3) statistikk for val av språk i grunnskulen etter 1990, (4) oppdragsforskning om bruk av samisk i offentleg forvaltning etter innføringa av forvaltningsområdet for samisk språk og (5) tal for situasjonen for samisk skriftspråk.

## 2.1 Talet på samisktalande i Noreg

### 2.1.1 UNESCO og Ethnologue

Faglitteraturen om truga språk presenterer som regel tal for kor mange som snakkar ulike minoritetsspråk, og kor stor del desse talarane utgjer av heile den aktuelle etniske gruppa. UNESCO si raubok for truga språk og nettstaden *Ethnologue. Languages of the World* er ofte kjelde for slike tal. Vi skal her sjå nærare på kva desse to viktige internasjonale kjeldene seier om talet på samisktalande.

#### *Tal frå UNESCO*

UNESCO si raubok for truga språk, som no er erstatta av nettstaden *UNESCO Atlas of the World's Languages in Danger*, blir rekna som ei påliteleg kjelde til kunnskap om truga språk. Styresmakter, medium og fagfolk brukar gjerne tal frå denne kjelda. Det er difor viktig kva opplysningar UNESCO gjev om dei samiske språka.

Tabell 2.1 nedanfor viser opplysningar som vi kan finne hos UNESCO om talet på talarar av seks samiske språk.

**Tabell 2.1 Det totale talet på talarar av seks samiske språk ifølgje UNESCO<sup>1</sup>**

Samisk språk	Talet på talarar i alt
Skoltesamisk	300
Nordsamisk	30 000
Lulesamisk	2 000
Pitesamisk	50
Umesamisk	20
Sørsamisk	500

Tala i tabellen viser talarar til saman i dei landa der dei seks nemnde samiske språka blir brukte. Som kjelder for tala for nordsamisk og skoltesamisk viser UNESCO til Tapani Salminen (som er bidragsytar for UNESCO i nettstaden), utan at det står meir om kvar Salminen igjen har fått tala frå. Som kjelde for talet på lulesamiske og umesamiske talarar viser UNESCO til boka *The Saami Languages. An introduction* av Pekka Sammallahti (Sammallahti 1998). Som kjelde for talet på sørsamisktalande blir det vist til nettstaden *risten.no*, ein

<sup>1</sup> Tala er lasta ned 31.01 2013 frå internettadressa <http://www.unesco.org/culture/languages-atlas/>

nettstad som blir driven av Sametinget i Noreg, og for pitesamisk blir det vist til feltarbeid som vart gjort av Joshua Wilbur for *The Saami Documentation Project* i åra 2008–2011.

Vi kan gå vidare til dei kjeldene som UNESCO har brukt. Sammallahti (1998) blir oppgjeven som kjelde for at det er 20 talarar av umesamisk. Men hos Sammallahti (1998) finst ikkje noko slikt tal. Om talet på umesamisktalande seier han berre: «Ume, Pite, Akkala and Ter depend mainly on old speakers.» (Sammallahti 1998: 1).

Nettstaden *risten.no* er oppgjeven som UNESCO si kjelde for at talet på sørsamisktalande er 500. Når vi går til denne kjelda, ser vi at *risten.no* seier at talet på sørsamar i Noreg og Sverige til saman er på omlag 2000. Om talet på folk som *snakkar* sørsamisk, seier *risten.no* dette:

«Det er også vanskelig å angi eksakte tall på dem som snakker sørsamisk, men man antar at under halvparten av sørsamene behersker språket.»

UNESCO har rett i at 500 sørsamar er «under halvparten av» 2000 sørsamar, men det er likevel uklårt kvifor UNESCO med *risten.no* som kjelde kjem fram til akkurat talet 500.

UNESCO gjev opp at det er 2000 talarar av lulesamisk, med Sammallahti 1998 som kjelde. Her seier Sammallahti at «... the number of Lule Saami speakers is between 2000 and 3000» (Sammallahti 1998:1). Sammallahti er først og fremst lingvist, og den boka som det her er tale om, handlar om grammatikk. Han har ikkje gjort egne undersøkingar av talet på talarar av lulesamisk, og det er det då heller ikkje noko poeng i å gjera for å skrive ei grammatikkbok. Sammallahti gjev ikkje opp kjelder for tala sine, eller forklarar på annan måte korleis han har komme fram til talet 2000–3000.

Av dei kjeldene som UNESCO gjev opp, er det berre Joshua Wilbur som har gjort egne undersøkingar. Tala hans for talarar av pitesamisk er ferske (frå åra 2008–2011), og dei kan kontrollerast. Ut frå dette må vi slå fast at fleire av dei tala som UNESCO opererer med for talarar av samiske språk, er høgst usikre.

### ***Tal frå Ethnologue***

Nettstaden *Ethnologue. Languages of the World* presenterer tal for alle språk i verda, ikkje berre for truga språk. Men denne kjelda blir det òg ofte vist til når det er tale om truga minoritetsspråk.

Hos *Ethnologue* kan ein finne desse opplysningane om samiske språk i Noreg, slik som vist i tabell 2 nedanfor.

**Tabell 2.2 Talet på talarar av fire samiske språk i Noreg ifølgje Ethnologue<sup>2</sup>**

	Etnisk tilhøyricheit	Talet på – talarar i alt
Sørsamisk	600	300
Pitesamisk	?	?
Lulesamisk	1000–2000	500
Nordsamisk	30 000– 40 000	15 000

Tala i tabell 2.2 frå *Ethnologue* gjeld berre for Noreg, og dei kan difor ikkje direkte samanliknast med tala i tabell 2.1 frå UNESCO, som gjeld alle dei fire landa til saman.

*Ethnologue* gjev opp den amerikanske lingvisten Michael Krauss som kjelde for tala sine. Krauss presenterte desse tala i artikkelen «The indigenous languages of the North: a report on their present state», som bygde på eit foredrag han heldt på eit symposium i Japan i 1994, og som seinare vart trykt i Shoji 1997. Krauss gjev i den trykte artikkelen opp kjelder etter kvart tal. For nordsamisk og lulesamisk er kjelda personleg kommunikasjon med Olavi Korhonen, og for sørsamisk personleg kommunikasjon med Olavi Korhonen og Knut Bergsland. Korhonen var professor i samisk ved Universitetet i Umeå og Bergsland professor i finsk-ugriske språk ved Universitetet i Oslo.

Vi kan slå fast at tala hos *Ethnologue* ikkje byggjer på teljingar, men på overslag. Men det er overslag gjorde av uvanleg kompetente personar. Vidare kan vi slå fast at overslag frå midten av 1990-talet enno i 2013 blir presenterte som gjeldande tal. Tal for talarar av ulike samiske språk i Noreg, slik dei kunne lastast ned frå nettstaden Ethnologue i januar 2013, er difor svært usikre.

### 2.1.2 Norske folketeljningar

I ein periode på meir enn hundre år hadde norske folketeljningsskjema med spørsmål som skulle skaffe fram opplysningar om bruken av samisk og kvensk språk. Den første folketeljninga med slike spørsmål vart gjennomført i 1845. Deretter vart det samla inn opplysningar om bruk av samisk og kvensk språk ved kvar folketeljning fram til og med teljinga i 1930. Folketeljningane vart stort sett arrangerte kvart tiande år, og det var Statistisk sentralbyrå som gjennomførte dei, og som utforma spørsmåla.

---

<sup>2</sup> Tala i tabellen er 31.01 2013 henta frå nettadressa [http://www.ethnologue.com/show\\_country.asp?name=no](http://www.ethnologue.com/show_country.asp?name=no)

For kvar teljing frå og med 1891 til og med 1930 gav Statistisk sentralbyrå ut eit eige hefte med tal og analysar for alle grupper som dei meinte ikkje høvde inn i rammene for det normale. Samane utgjorde éi slik gruppe. Hefta med eigne statistikkar for desse gruppene, og med kommentarar til statistikkane, gav innsikt i korleis spørsmåla og kategoriseringane i folketeljningane var utforma, og korleis Statistisk sentralbyrå sjølv vurderte resultata. På grunnlag av desse hefta kunne ein i prinsippet studere endringar i dei aktuelle gruppene over tid. Men definisjonane av dei ulike kategoriane endra seg gjennom dette tidsrommet, og dette gjer det i praksis vanskeleg å samanlikne tala direkte frå teljing til teljing. Kvart enkelt hefte inneheld derimot mange interessante tal og opplysningar om samiske språkforhold. Dette utgjer eit kvantitativt kunnskapsgrunnlag som kan utnyttast langt meir enn det som har vore gjort til no.

I den første folketeljninga etter andre verdskrigen (i 1946) vart det ikkje spurt om tilknytning til samisk språk og etnisitet. Derimot var slike spørsmål med igjen i 1950-teljninga og i 1970-teljninga (men ikkje i 1960). Etter 1970 har ikkje folketeljningane spurt om samisk språk, eller samisk etnisitet.

Også etter folketeljningane i 1950 og 1970 gav Statistisk sentralbyrå ut eigne hefte med analyse av tala for samisk tilknytning og språk (NOS XI 1956 og Aubert 1978).

Tala for samisktalande i Noreg var ifølgje folketeljningane slik som vist i tabell 3 nedanfor.

**Tabell 2.3<sup>3</sup> Talet på samisktalande i Noreg ifølgje folketeljningane 1891–1970**

År	Samisktalande	Folketalet i Noreg
<b>1891</b>	<b>20 786</b>	<b>2 000 917</b>
<b>1900</b>	<b>19 677</b>	<b>2 240 032</b>
<b>1910</b>	<b>18 590</b>	<b>2 391 782</b>
<b>1920</b>	<b>20 735</b>	<b>2 649 775</b>
<b>1930</b>	<b>20 704</b>	<b>2 814 194</b>
<b>1950</b>	<b>8 778</b>	<b>3 156 950</b>
<b>1970</b>	<b>10 535</b>	<b>3 874 133</b>

Vi ser at talet på samisktalande ifølgje folketeljningane heldt seg på rundt 20 000 i dei mesta førti åra frå 1891 til 1930, og at talet deretter brått vart meir enn halvert på dei tjue åra frå 1930 til 1950.

<sup>3</sup> Tala for samisktalande i tabell 3 er henta frå NOU 1984: 18. *Om samenes rettsstilling*. Oslo: Universitetsforlaget s. 83–87. Tala i kolonnen som viser det totale folketalet i Noreg, har eg fått frå seksjonssjef Paul Inge Severeide i Statistisk sentralbyrå, april 2013.

Tala i tabell 3 reiser spørsmål om kvifor talet på samisktalande ikkje steig frå 1891 til 1930, når folketalet i Noreg elles steig frå 2 til 2,8 millionar i det same tidsrommet. Dette kan vera uttrykk for ei viss språkleg fornorsking i familiane allereie frå byrjinga av 1900-talet. Ei anna forklaring kan ligge i utforminga av spørsmåla og kategoriane i folketeljingane. Registreringane av samar bygde på eit svært komplisert sett av kriterium for avstamming og språk og på ulike kombinasjonar av desse. Og kriteria kunne, som før nemnt, variere frå teljing til teljing. Det kan difor vera at tala i tabellen ikkje er direkte samanliknbare, og at dette er grunnen til at dei ikkje følgjer trenden i folketalsutviklinga i Noreg elles. Vanskane som Statistisk sentralbyrå hadde med å operasjonalisere kriteria for «rase» og språk i denne tida, er grundig drøfta av Einar Lie og Hege Roll Hansen i boka *Faktisk talt. Statistikkens historie i Norge* (Lie og Hansen 2001:123–153).

Det *mest* påfallande i tabell 3 er at talet på samisktalande var så lågt i 1950-teljinga i høve til talet i 1930-teljinga. Her kan metodane for innsamlinga ha spela inn. Folketeljinga i 1930 var den siste som brukte «objektive» kriterium for språk og avstamming. I 1950 bygde ein på folk si eiga rapportering og eiga identifisering. Det geografiske området der desse spørsmåla vart stilte, var dessutan mindre i 1950 enn i 1930. Difor var det færre som fekk spørsmålet om bruk av samisk språk i 1950.

Kvifor skulle talet på samisktalande gå ned ved overgangen frå bruk av objektive kriterium til eiga rapportering i 1950? Det kunne skje viss det var stigmatiserande å vera samisktalande i 1950, og mange difor ikkje ville rapportere om seg sjølve at dei var samar eller snakka samisk. Dette var i gjenreisingstida etter andre verdskrigen, og norsk språk vart av mange knytt til den moderniseringa som gjenreisinga innebar, medan samisk språk hørde fattigdomen og fortida til. Dette kom i tillegg til den nedvurderinga av samane som «rase» som var vanleg heilt fram til andre verdskrigen.

Statistisk sentralbyrå var sjølv i tvil om tala for samisktalande ved folketeljinga i 1950 kunne vera rette. I analysen av denne teljinga er byrået i 1956 inne på at mange kan ha valt å la vera å rapportere om bruk av samisk språk heime.

For flere kommuner er det god grunn til å sette et spørsmålstegn ved tallene for 1950, f. eks. i Kåfjord, Kvænangen og Kistrand, hvor tallet på samer ser ut til å være i laveste laget. Det er trolig at en del personer som egentlig burde vært ført opp som samisk, har oppgitt at de bruker norsk til daglig. (Norges offisielle statistikk XI 236 1956:22)

Ein stor del av folket i dei tradisjonelle samiske busetjingsområda var fleispråklege. Dette kunne vera vanskeleg å handtere for dei som skulle telja kor mange som hørde til den eine eller den andre språkgruppa. Statistisk sentralbyrå hadde eit sett med (kompliserte) reglar for korleis dei forskjellige tilfella skulle

kategoriserast, men korleis handterte teljarane *i praksis* denne fleirspråklegheita? Dette kan vi finne ut noko om ved å ta stikkprøver i teljingane.

Ei rekkje eldre norske folketeljingar er digitaliserte og lagde ut på internett (sjå *digitalarkivet.no*). Det gjer det mogleg å søkje i teljingane for å ta stikkprøver av opplysningane. Den nyaste folketeljinga som er tilgjengeleg på denne måten, er teljinga frå 1910. Eg har her sett på korleis dei to kjende samepolitikarane Daniel Mortensson og Isak Saba vart registrerte i 1910. Vidare har eg sett på korleis teljaren har registrert språk for borna ved skuleinternatet i Neiden i Finnmark. Neiden var eit distrikt med særleg mange språk, og der var det svært vanleg å vera fleirspråkleg (skoltesamisk, nordsamisk, kvensk, norsk og russisk).

Daniel Mortensson budde ikkje langt frå Elgå i det som no er Engerdal kommune i Hedmark. Morsmålet hans var sørsamisk. Han var lærarutdanna, og han var ein uvanleg skrive- og talefør mann på norsk. Mortensson var møteleiar på det første nordiske samepolitiske møtet i 1917. I folketeljinga er han ikkje ført opp som samisktalande. Det er i det heile ikkje merkt av noko på han under rubrikken for språk. Heller ikkje familien hans elles er ført opp som samiskspråkleg i 1910, sjølv om vi ut frå lokalkunnskap veit at borna hans snakka samisk.

Medan Daniel Mortensson korkje var markert som samisktalande eller norsktalande i folketeljinga frå 1910, var ein annan kjend samepolitikar frå denne tida registrert med «n» for «norsktalande» (og berre som norsktalande) i teljinga. Det galdt stortingsrepresentanten Isak Saba, som i si tid skreiv den samiske nasjonalsongen *Sámi soga lávlla*. Sjølv om norsk her står oppført som det einaste språket hans, veit vi frå anna hald at førstespråket hans var nordsamisk.

Ei tredje stikkprøve i folketeljinga frå 1910 viser at dei borna som budde på skuleinternat i Neiden i Sør-Varanger i Finnmark, alle vart førte opp som norskspråklege. Det var fordi dei snakka norsk når dei oppheldt seg på internatet, står det i kommentarfeltet i teljinga. Heime kunne dei snakke andre språk. Men desse språka vart ikkje registrerte i teljinga<sup>4</sup>.

Desse stikkprøvene frå 1910 tyder på at talet på samisktalande var sett for lågt også i folketeljingane *før* 1950. Det kunne vera den utbreidde fleirspråklegheita som gjorde registreringane vanskelege. Statistisk sentralbyrå skreiv om dette i 1956:

Både gruppering etter språk og avstamming ble imidlertid vanskeligere etter hvert som tiden gikk. Den samiske og den kvenske befolkning blandet seg etter hvert med den norske, og samene og kvenene blandet seg

---

<sup>4</sup> I artikkelen «Bodde det samer i Tromsø? Hva folketellingene forteller – og ikke forteller.» brukar Lars Ivar Hansen døme frå folketeljingane for Tromsø-området til å vise kor upålitelege dei eldre folketeljingane kan vera, viss vi brukar dei til å leite etter samar og samisktalande ut frå vår tids forståing av etnisitet og morsmål. (Hansen 2013).

innbyrdes. Samfunnsutviklingen har dessuten etter hvert ført med seg at stadig større grupper av den samiske og kvenske befolkning bruker norsk ved siden av sitt eget språk. (Norges offisielle statistikk XI 236 1956:20)

Den siste norske folketeljinga som hadde med spørsmål om språk, var teljinga i 1970. Statistisk sentralbyrå gav i 1978 ut ein analyse av spørsmål og svar om samisk tilknytning i denne folketeljinga. Denne analysen var utført av Vilhelm Aubert. Her argumenterte Aubert overbevisande for at det også i 1970 var ei (grov) underrapportering av samisk språk og etnisitet på grunn av at folk sjølve hadde rapportert norsk heller enn samisk tilknytning. Grunnen til «feilrapporteringa», slik han såg det, var stigmatiseringa av det å vera same i store delar av Nord-Noreg. Spørsmålet om samisk tilknytning vart i 1970 stilt berre i Nord-Noreg.

Aubert vurdererte ut frå tala i 1970-teljinga at det kunne vera rundt 40 000 personar i Noreg «... hvis livsvilkår på et eller annet vis er preget av at de har et innslag av det samiske i sin bakgrunn». Han gjorde nøye greie for korleis han kom fram til dette talet, men understreka òg kor usikkert talet var.

Tala frå 1970 er no så gamle at dei ikkje utan vidare kan brukast som grunnlag for offentleg samisk språkplanlegging. Men Aubert sitt tal-overslag er framleis aktuelt av ein annan grunn. Svært mange har seinare vist til akkurat talet 40 000 når dei skulle skrive om samar i Noreg, og dette talet kan framleis bli vist til som om det skulle vera gjeldande. Som ein kommentar til den seinare bruken av talet hjå Aubert, sjå Torunn Pettersen sin kritiske artikkel «Samene i Norge. 40 000 i 40 år?» i *Sámi logut muitalit/ Samiske tall forteller* 5.

Etter 1970-teljinga har det ikkje vorte spurt om språk ved folketeljingane i Noreg. Og no vil det ikkje bli arrangert fleire norske folketeljingar. Teljingane blir heretter laga ut frå administrative og statistiske register. Dermed blir det i framtida umogleg å bruke folketeljingar for å få svar på spørsmål som kor mange som kan forstå, snakke, lesa og skrive samisk, kvar dei bur og kor gamle dei er.

### **2.1.3 Tal ifølgje andre undersøkingar**

Det kan finnast andre måtar å berekne talet på samisktalande i Noreg på enn å bruke folketeljingar. Dåverande Samisk språkråd tinga rundt tusenårsskiftet ein forskingsrapport om bruken av samisk i Noreg. Her ville språkrådet mellom anna prøve å få fram eit tal for kor mange samiskspråklege det var på den tida. Rapporten som kom ut av dette (Ravna 2000), bygde på spørjeskjema og telefonintervju. Ein valde ut eit geografisk område som femnde om alle kommunane i Finnmark fylke i tillegg til Kvænangen, Nordreisa, Kåfjord, Lyngen, Storfjord, Sørreisa, Bardu, Salangen, Skånland og Lavangen kommunar i Troms fylke, Tjeldsund, Evenes, Tysfjord, Hamarøy, Hattfjelldal og Grane



kommunar i Nordland fylke, Røyrvik, Lierne og Snåsa kommunar i Nord-Trøndelag fylke, Røros kommune i Sør-Trøndelag og Engerdal kommune i Hedmark fylke.

Innanfor dette området valde ein ut 11 523 telefonnummer som vart oppringde. 1480 nummer greidde ein ikkje å få svar frå, trass i seks oppringingar. 4292 av resten ville ikkje svara på spørsmål om språk. Det vil seia at i alt 5751 personar var med og gav svar til undersøkinga.

Svara viste at 4797 av dei 5751 som svara, ikkje forstod samisk. Deretter vart det gjennomført djupare intervju om språkkunnskapar med dei bortimot 1000 samiskspråklege i undersøkinga. Blant dei som ikkje var samiskspråklege, vart eit tilfeldig utval på om lag 1000 intervjua om språkhaldningar.

Ut frå dei opplysningane som denne undersøkinga skaffa fram, berekna Ravna (2000) at meir enn 16 000 menneske over 18 år forstod vanleg samisk daglegtale i det geografiske området som var med i undersøkinga. Ved å legge til eit estimert tal for samiskspråklege under 18 og plusse på med kor mange ein rekna med forstod samisk i andre område enn dei som var undersøkte, kom Ravna (2000) fram til eit tal på 25 000 personar i Noreg som kunne forstå vanleg samisk daglegtale. Av desse var det, ifølgje svara i undersøkinga, åtte prosent som berre *forstod* samisk, men som ikkje snakka språket. Ut frå det foreslo rapporten eit tal på 23 000 som kunne snakke samisk *på eitt eller anna nivå* i Noreg i 2000.

Det er metodiske problem med denne måten å undersøkje på. I eit eige hefte som kom som vedlegg til Ravna (2000), gjorde sosiolingvisten Tove Skutnabb-Kangas greie for ein del av desse problema (Skutnabb-Kangas 2000). Det galdt særleg problem omkring sjølve utvalet og i nokon grad omkring kategoriseringane. Trass i dei metodiske problema er Ravna 2000 den grundigaste gjennomgangen som finst frå vår tid, og Skutnabb-Kangas var gjennomgåande positiv til det arbeidet som var gjort.

Samisk språkråd skulle ifølgje sine eige statuttar arbeide ut ein statusrapport kvart fjerde år og levere han til Sametinget. Men Samisk språkråd vart nedlagt i 2002, og studien Ravna (2000) vart ikkje følgd opp med samanliknbare studiar seinare. Difor veit vi lite om endringar etter 2000.

Noreg har slutta seg til *Den europeiske pakta om minoritets- eller regionsspråk*, og Europarådet undersøker regelmessig korleis pakta blir etterlevd i dei ymse landa. Europarådet har i den samanheng peika på at den norske staten ikkje har *oppdaterte* oversikter over talet på samisktalande. Som eit svar til denne påpeikinga skreiv Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet i 2011 at dei då i lag med Kunnskapsdepartementet hadde teke initiativ til ein ny rapport for å «kartlegge språksituasjonen på individnivå i den samiske befolkningen».

Departementet skreiv:

Formålet med undersøkelsen er å få en oversikt over hvor mange som behersker hvert av de samiske språkene muntlig og skriftlig, i hvilke sammenhenger de bruker språket, og i hvor stor grad samisk språk brukes som samhandlingsspråk i barnehage, skole, jobb, utdanning, fritid, lokalsamfunn og i frivillig eller politisk arbeid.

Resultatet av undersøkelsen er ment å være et grunnlag for språkplanleggingen på alle nivå i samfunnet, herunder på statlig, regionalt og kommunalt nivå. Resultatene skal brukes til å utforme og iverksette tiltak som fører til bevaring og utvikling av de samiske språkene. (Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet 2011)

Denne planlagde undersøkinga vart gjennomført, og rapporten kom i 2012 (Solstad 2012). Kva endringar fann dei på dei tolv åra som var gått sidan rapporten Ravna 2000 kom ut?

Solstad (2012) viste på side 27 nettopp til Ravna (2000) og omtala ein del veikskapar med å gjera utval på den måten som vart brukt i den sistnemnde rapporten. Vidare heitte det i Solstad (2012) at dei ut frå desse veikskapane og «med de rammene som nærværende utredning må operere innenfor» finn det best å bruke ein annan måte å velja ut informantar på enn den som vart brukt i Ravna (2000). Denne andre måten var å sende ut spørreskjema til dei som var innskrivne i Sametingets valmanntal i 2012. Grunngevinga var at «Dette er samer som står fram som samer og som det kanskje også er sannsynlig vil finne det naturlig å svare på spørreskjema av den typen som det her er snakk om» (Solstad 2012:26)<sup>5</sup>.

Solstad gjorde eit utval på 5000 blant dei rundt 14 000 innskrivne i Sametingets valmanntal. *Alle* innskrivne i det lulesamiske og sørsamiske området fekk brev med spørsmål. I det nordsamiske området vart det gjort eit utval.

Svarprosenten var på nærare 40. Lågast var svarprosenten i dei sør- og lulesamiske områda (Solstad 2012:11).

Solstad (2012) gjorde mange interessante funn. Men av grunnar som alt er nemnde, knytte ikkje denne rapporten seg til det som var gjort før, og resultatata i han kunne ikkje samanliknast med resultatata i Ravna 2000. Rapporten Solstad 2012 vart då ein tilstandsrapport på eigne premisser om språktilhøve blant dei om lag 14 000 personane som i 2012 på frivillig basis hadde skrive seg inn i Sametingets valmanntal.

---

<sup>5</sup> Metodane er langt meir grundig skildra og grunngevene hos Solstad 2012 enn det som blir referert her.

For offentlig språkplanlegging er det viktig å kunna følgje endringar i talet på språkbrukarar over tid, slik Europarådet òg peika på i 2011. Men slike endringar er det umogleg å finne ved å samanlikne dei forskingsrapportane som er skrivne.

#### **2.1.4 Konkluderande merknader om talet på samisktalande**

Dei som arbeider med truga språk i UNESCO og hos *Ethnologue*, er til liks med alle andre avhengige av pålitelege kjelder for å laga statistikk. Når slike kjelder ikkje finst, må ein ty til best moglege overslag, og det er slik nettstadene *UNESCO Atlas of the World's Languages in Danger* og *Ethnologue* har skaffa fram opplysningar til statistikkane sine for samiske språk. Tala for samiske språk hos desse prestisjetunge kjeldene er difor korkje meir eller mindre pålitelege enn tal som ein kan finne i fleire andre kjelder. Problemet er at desse nettstadene har så høg prestisje at for lesaren står tala deira fram som sikre tal, utan at dei er det.

Opplysningane om samisk språk i eldre folketeljingar må tolkast før dei kan presenterast. Men uansett korleis ein tolkar folketeljingane frå 1890 til 1970, viser dei at det i dette tidsrommet må ha gått føre seg eit språkskifte frå samisk til norsk i mange familiar og bygder i Noreg. Vilhelm Aubert, som analyserte 1970-teljinga, konkluderte òg med det. Heller ikkje seinare forskingsrapportar seier noko anna. Dette språkskiftet er då også i samsvar med det som lokalkjende kan fortelja om. Vi har likevel ingen sikre tal for kor omfattande dette språkskiftet frå samisk til norsk har vore. Vi veit heller ikkje heilt når det starta, anna enn at det sannsynlegvis må ha starta til ulik tid i ulike distrikt.

Den grundigaste undersøkinga av det totale talet på samiskspråklege i Noreg etter folketeljinga av 1970, er Ravna 2000. Denne rapporten konkluderte med at det ved tusenårsskiftet kunne vera om lag 23 000 personar i Noreg som kunne snakke eitt av dei samiske språka på eitt eller anna nivå. Etter 2000 er det ikkje gjort undersøkingar som dette talet kan samanliknast med. Vi kjenner difor ikkje endringane vidare.

Ein har ikkje alltid lagt dei same definisjonane til grunn for dei som har vore talde som samiskspråklege. Definisjonen hos Ravna 2000 er at ein er samiskspråkleg dersom ein kan følgje med i ein vanleg kvardagsleg samtale på samisk. Denne definisjonen omfattar ei langt større gruppe enn den som det tidlegare var vanleg å telja i folketeljingane.

Det er eit problem at det ikkje blir gjort regelmessige og samanliknbare undersøkingar som kan vise i kva retning talet på samisktalande endrar seg. Europarådet har overfor norske styresmakter peika på dette som ein mangel ved norsk minoritetspolitikk, og Noreg må finne ein måte å løyse dette på.

## 2.2 Samisk språkoverføring i heimane

Det er teikn på vitalitet for eit minoritetsspråk når det blir overført på uformell måte mellom generasjonane i heimane. Dersom eit språk ikkje blir overført i familiane, er det derimot sterkt truga, og styrkingstiltak vil ha mindre positiv verknad enn om språket faktisk var i dagleg bruk i familiane. Difor er spørsmålet om overføring i heimane svært viktig for all offentleg språkplanlegging.

I samband med analysen av folketeljinga frå 1970 (omtala ovanfor) skreiv Aubert dette om overføringa av samisk i heimane på den tida:

Av dette materialet er det nærliggende å slutte at to samisktalende foreldre stort sett er en nødvendig, men ikke tilstrekkelig betingelse for at barna skal vokse opp med samisk som morsmål. (Aubert 1978:53)

Med andre ord: I 1970 var det i Noreg slik at dersom berre den eine av foreldra var samisktalende, vart språket sjeldan overført til borna. Dersom begge foreldra var samisktalende, var sjansen større for at dei snakka samisk med borna, men ikkje eingong då var det sikkert at dei gjorde det.

Det er no gått lang tid sidan Aubert skreiv dette. Eit sentralt spørsmål er om mønsteret for overføring av samisk mellom generasjonane har endra seg i åra etterpå. Det finst ein del forskning som har teke opp dette spørsmålet.

### 2.2.1 Språkoverføring av nordsamisk i Finnmark 1967–1985

Yngve Johansen gjorde på 1980- og 1990-talet to større (og samanliknbare) spørjeundersøkingar blant ungdomsskuleelevar i Finnmark (Johansen 1986 og Johansen 1999). Undersøkingane handla om kroppssøving, skulemotivasjon og etnisitet. Språk var såleis ikkje *hovudtema* for nokon av dei to undersøkingane, men i det skjemaet som Johansen sende ut til 1572 ungdomsskuleelevar i Finnmark i 1983 og til 1491 ungdomsskuleelevar i fylket i 1999, var det også spurt om språkkunnskapar og faktisk bruk av språk med kameratar. I lag med Nils Dannemark offentleggjorde Johansen i 2001 ein artikkel der dei analyserte og samanlikna svara på språkspørsmåla i dei to undersøkingane. Artikkelen heitte «Ungdomsskuleelever og språkvalg i Finnmark i 1982/83 og 1998/99» (Dannemark og Johansen 2001).<sup>6</sup>


Svarprosenten låg på rundt 80 i begge undersøkingane, og tala burde gje grunnlag for å seia noko om moglege endringar i språktilhøva blant ungdom i Finnmark gjennom 1980- og 1990-talet.

---

<sup>6</sup> Sjå òg Dannemark, Nils (2000). «Nuoraidskuvlaoahppit ja giellaválljen Finnmárkkus 1992/83 ja 1998/99». I *Sámegiela dilli skuvllas ja lagasservodagas*. Kárášjohka: Sámediggi, s. 45–57.

Figur 1 nedanfor viser ei samanlikning av svara på spørsmåla om heimespråk og språkbruk med kameratar frå 1998/99 med svara på dei same spørsmåla i 1982/83.<sup>7</sup>

**Figur 2.1 Nordsamisk som førstespråk og som daglegspråk blant ungdomsskuleelevar i Finnmark 1982/83 og 1998/99<sup>8</sup>**



I 1982/83 gav 9,8 % av elevane opp at samisk var det einaste heimespråket deira. Denne prosentten gjekk ned til 7,8 i 1998/99. Slår vi derimot saman svara for «samisk som einaste førstespråk» og «samisk som eitt av fleire førstespråk», vil vi finne at førstespråksprosenten steig frå 10,6 i 1982/83 til 12 i 1998/99. Også den rapporterte bruken av samisk med kameratar steig tilsvarande frå 1982/83 til 1998/99, ifølgje tala hos Dannemark og Johansen (2001).

Språkkunnskapar og språkbruk blant ungdomsskuleelevane speglar av kva språk elevane lærte heime då dei var små. Dei som gjekk på ungdomsskulen skuleåret 1982/83, var fødde i tidsrommet 1967–1969, medan dei som gjekk på ungdomsskulen i skuleåret 1998/99, var fødde i tidsrommet 1983–1985. Figur 1 kan tyde på at nedgangen for bruk av samisk i heimane stoppa opp ein gong på 1980-talet. Tala hos Dannemark og Johansen (2001) viser ein prosentvis *auke* i rapportert bruk av samisk i tidsrommet. Forfattarane summerer sjølve opp bruken av samisk blant dei unge slik:

Tallmaterialet ser ut til å tyde på at det er en prosentvis framgang. Det ser ut til at flere barn lærer to språk i tospråklige familier nå enn i 1982/83. I

<sup>7</sup> Figuren er attgjeven etter Dannemark og Johansen 2001:45.

<sup>8</sup> Elevar ved Guovdageainnu nuoraidskuvla / Kautokeino barneskole er ikkje med i grunnlagsmaterialet her.

1982/83 ble som regel norsk valgt som enespråk i hjemmet i samisk-norske familier, mens informantene i den siste undersøkelsen i større grad oppgir at de er tospråklige. En større prosentdel av informantene i 1998/99 oppgir at de bruker samisk aktivt. (Dannemark og Johansen 2001:41)

At det var framgang i bruk av samisk blant dei som var i ungdomsskulealder, samtidig med at færre hadde samisk som einaste heimespråk, kan tyde på at ein viktig faktor hadde endra seg i tida etter folketeljinga av 1970. Aubert skreiv i 1978, som vi har sett, at det kunne sjå ut som om samisk som einaste heimespråk var «en nødvendig betingelse» for at språket skulle bli overført til borna. Tala hos Dannemark og Johansen (2001) kan tyde på at samisk på 1980-talet lettare kunne bli overført i tospråklege familiar enn på 1970-talet. På denne tida hadde det kanskje vorte meir aksept for at mor og far kunne snakke kvart sitt språk med borna?

Men dei prosentvise skilnadene hos Dannemark og Johansen (2001) er små. Auken i talet på elevar som snakka samisk på førstespråksnivå var på 1,4 % , og denne skilnaden er for liten til at vi kan slå fast at det faktisk var ein framgang. Vi skal difor her halde saman tala frå Dannemark og Johansen med fleire kvantitative undersøkingar som òg kan seia noko om samisk språkoverføring i familiane.

### **2.2.2 Haldningsendring til samisk språkoverføring**

Det som då heitte «statens utdanningskontor» i Nordland, Troms og Finnmark, tok i 1996 saman med Samisk utdanningsråd initiativet til ei undersøking av vilkåra for å lære samisk som andrespråk i grunnskulen i Noreg. Rapporten frå undersøkinga kom i 1998 og inneheldt ei lang rekkje tabellar for språktilhøve blant elevar i den aktuelle gruppa (Todal 1998). Det vart her sendt ut spørjeskjema til *alle* elevar i samisk som andrespråk i Noreg frå og med 4. til og med 9. årskull (grunnskulen var på den tida niårig). Både elevar, foreldre og lærarar fekk tilsendt skjema. Blant elevar og foreldre var svarprosenten på 69, blant lærarane på 77.

I denne undersøkinga vart foreldra spurde om kor godt dei meistra samisk, og i kor stor grad dei overførte språket til borna sine heime. 48 % av mødrene og 43 % av fedrane til grunnskuleelevane i samisk som andrespråk gav då opp at dei sjølv snakka samisk anten «ganske godt» eller «svært godt». Men berre 5 % av dei same mødrene og 4 % av fedrane gav opp at dei snakka «mest samisk» eller «berre samisk» med borna sine heime (Todal 1998:62–66). Tala hos Todal (1998) gjeld nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk samla på norsk side av grensa.

Rundt 40 % av andrespråkselevane i samisk i grunnskulen i Noreg i 1996 hadde altså ei mor eller ein far (eller begge delar) som etter eiga utsegn snakka samisk godt, men som likevel ikkje snakka språket i særleg grad med borna. Men desse foreldra måtte likevel ha ønskt at borna skulle lære samisk, sidan dei friviljug

hadde valt språket som fag for borna sine på skulen. Dette tilsynelatande inkonsekvente handlingsmønsteret kan forklarast med at fleispråklege foreldre vel språk for borna når borna er heilt små. Den språkpraksisen som kom fram i undersøkinga av dei fem siste årskulla i grunnskulen i 1996, spegla difor av val som var tekne i heimane i åra frå 1981 til 1986. Etterpå kan haldningane til samisk språk ha endra seg blant foreldra.

Tala i Todal (1998) tyder såleis på at ein god del samiskspråklege foreldre på 1980-talet let vera å overføre samisk språk til borna sine, men at somme av desse foreldra på 1990-talet endra haldning og valde samisk som skulefag for borna slik at dei likevel skulle lære språket.

Ut ifrå tala i Todal (1998) er det umogleg å seia noko om kor *stor* del av dei samiskspråklege foreldra i Noreg dette galdt, sidan vi ikkje veit noko om kor mange samiskspråklege foreldre som fanst i alt. Tala seier noko berre om den gruppa som aktivt valde samisk andrespråk som skulefag i 1996, og i akkurat desse familiane skulle språkvalet i skulen tyde på at det hadde vore ei haldningsendring i favør av samisk i femtenårsperioden 1981 til 1996. Ei slik eventuell haldningsendring støttar opp om tendensen i tala hos Dannemark og Johansen 2001.

### **2.2.3 Samisk språkoverføring ved tusenårsskiftet**

Det er ovanfor gjort greie for språkundersøkinga Ravna (2000) som Samisk språkråd initierte. Denne undersøkinga samla òg inn data om språkoverføringa i heimane. Ravna (2000) fann at av dei samiskspråklege informantane som hadde born, gav 34 % opp at borna deira ikkje kunne samisk. Dette galdt foreldre med «born i alle aldrar». Dette viser eit språkskifte frå samisk til norsk i ein god del heimar.

Eit interessant funn hos Ravna (2000) var at tilhøva såg ut til å ha vore i endring i tida fram mot tusenårsskiftet. Av samiskspråklege foreldre med born *under* 18 år gav 42 % opp at borna deira snakka samisksvært godt». For dei som berre hadde born *over* 18 år, gav 28 % opp at borna deira snakka samisk «svært godt» (Ravna 2000:33–36) . Desse tala må tolkast slik at det i 2000 var ein tendens blant samiskspråklege foreldra til å overføre språket i større grad enn tidlegare. Dei borna som i 2000 var under 18 år, var fødte mellom 1982 og 2000. Endringa må ha gått føre seg i denne tida.

Tolkinga av tala hos Ravna (2000) avheng av kor representativt utvalet i undersøkinga er, men tendensen i tala hos Ravna (2000) samsvarar, som vi ser, med tendensane i tala både hos Dannemark og Johansen (2001) og Todal (1998).

## 2.2.4 Nordsamisk språkoverføring blant innmelde i Sametingets valmanntal 2012

Forskarane bak rapporten Solstad (2012), som er nærare omtala ovanfor, spurde òg informantane sine om språkkunnskapar. Denne rapporten omhandla folk som i 2012 var innmelde i Sametingets valmanntal. Berre dei som har røysterett, står i manntalet, difor var det her ingen informantar under 18 år.

Tabell 2.4 nedanfor viser kor stor prosent av informantane hos Solstad 2012 som forstod nordsamisk i seks ulike aldersgrupper.

**Tabell 2.4 Kor godt *forstår* du nordsamisk? I prosent og fordelt på alder i 2012<sup>9</sup>.**

	18+	30+	40+	50+	60+	70+	Totalt
<b>Ja, i alle situasjonar</b>	<b>41</b>	<b>35</b>	<b>34</b>	<b>43</b>	<b>44</b>	<b>61</b>	<b>41</b>
<b>Ja, mykje (når det handlar om kjende tema)</b>	<b>12</b>	<b>18</b>	<b>16</b>	<b>16</b>	<b>15</b>	<b>21</b>	<b>16</b>
<b>Berre litt i kjende situasjonar</b>	<b>22</b>	<b>23</b>	<b>22</b>	<b>20</b>	<b>22</b>	<b>10</b>	<b>20</b>
<b>Mesta ingen ting, kan kjenne att enkeltord</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>28</b>	<b>21</b>	<b>19</b>	<b>9</b>	<b>22</b>
<b>Sum %</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<b>Tal</b>	<b>115</b>	<b>198</b>	<b>258</b>	<b>304</b>	<b>255</b>	<b>106</b>	<b>1236</b>

Tabellen speglar att eit språkskifte frå nordsamisk til norsk i familiane. Klårt høgast prosent som forstår nordsamisk «i alle situasjonar» finn vi hos dei som var over 70 år gamle i 2012 (61 %). Denne prosenten er tydeleg mindre i neste generasjon, særleg for dei som i 2012 var mellom 30 og 50 år gamle. Så er det igjen ein høgare prosent som forstår samisk «i alle situasjonar» blant dei som var mellom 18 og 30.

Tabell 2.4 har ei litt problematisk inndeling i kategoriar. Det kan vera vanskeleg å vita kva som er skilnaden mellom dei som har svara at dei forstår samisk «i alle situasjonar» og dei som har svara at dei forstår «mykje samisk». Og kva er skilnaden mellom dei som har svara at dei forstår «berre litt» og dei som forstår «mesta ingen ting»? For å gjera kategoriane tydelegare kan vi kan redusere talet på dei frå fire til to. I den eine kategorien set vi dei som seier om seg sjølve at dei kan samisk godt, og i den andre dei som seier at dei kan lite eller ingen ting. Då får vi eit resultat som vist i tabell 2.5 nedanfor:

<sup>9</sup> Tabellen er her attgjeven etter Solstad 2012:130–132



**Tabell 2.5 Kor godt *forstår* du nordsamisk? I prosent og fordelt på alder i 2012**

	18+	30+	40+	50+	60+	70+
<b>Godt eller ganske godt</b>	<b>53</b>	<b>53</b>	<b>50</b>	<b>59</b>	<b>59</b>	<b>82</b>
<b>Litt eller ingen ting</b>	<b>47</b>	<b>48</b>	<b>50</b>	<b>41</b>	<b>41</b>	<b>22</b>
<b>Sum %</b>	<b>100</b>	<b>101</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>
<b>Tal</b>	<b>115</b>	<b>198</b>	<b>258</b>	<b>304</b>	<b>255</b>	<b>106</b>

Tabell 2.5 viser framleis eit tydeleg språkskifte. Dei som i størst grad forstår samisk, er dei over 70 år. Blant dei er det 82 % som gjev opp at dei forstår samisk «godt». Prosenten hos dei yngre er lågare, og lågast er han blant dei mellom 40 og 50 år, her er det 50 % som gjev opp at dei forstår nordsamisk godt. Dette er uttrykk for eit språkskifte.

Hos dei under 40 år er det ein litt høgre prosent som forstår nordsamisk godt enn blant dei mellom 40 og 50 år, men skilnaden er på berre 3 %. Dette tyder på at språkskiftet har stoppa.

Tabell 2.6 nedanfor viser den prosentvise fordelinga av dei som i 2012 svara at dei kunne *snakke* nordsamisk.

**Tabell 2.6 Kor godt *snakkar* du nordsamisk? I prosent og fordelt på alder i 2012.<sup>10</sup>**

	18+	30+	40+	50+	60+	70+	Totalt
Ja, det fell heilt naturleg	36	32	28	40	43	63	39
Ja, det går for det meste greitt	7	6	9	10	13	15	10
Berre litt i nokre situasjonar	23	29	20	21	20	9	21
Nei, kanskje einskilde ord	34	33	43	29	24	12	30
Sum %	100	100	100	100	100	100	100
Tal	115	198	258	304	255	106	1236

Tala i tabell 6 viser same tendensane for meistringa av det å snakke nordsamisk som tabell 4 viste for det å forstå språket. Dei informantane som var over 70 år gamle, var dei som i klårt størst grad gav opp at dei snakka språket. Denne prosenten gjekk så ned for dei neste aldersgruppene i tabellen, og lågast var prosenten blant informantane mellom 40 og 50 år. Så var det litt fleire som snakka samisk blant dei som var mellom 18 og 40 år gamle.

Dersom vi reduserer dei fire svarkategoriene i tabell 2.6 til to kategoriar og kallar dei «snakkar nordsamisk godt eller ganske godt» og «snakkar nordsamisk lite eller

<sup>10</sup> Tabellen er her attgjeven etter Solstad 2012:130–132

ingen ting», vil den prosentvise fordelinga mellom kategoriane bli som i tabell 2.7 under.

**Tabell 2.7 Kor godt *snakkar* du nordsamisk? I prosent og fordelt på alder i 2012**

	18+	30+	40+	50+	60+	70+
Godt eller ganske godt	43	38	37	50	56	79
Lite eller ingen ting	57	62	63	50	44	31
Sum %	100	100	100	100	100	100
Sum tal	115	198	258	304	255	106

Ei samanlikning av tabell 6 og 7 viser at tendensen blir den same også med færre og meir eintydige kategoriar. Tala viser eit språkskifte frå den eldste generasjonen til mellomgenerasjonen, og så ein tendens til revitalisering av språket i generasjonen mellom 18 og 30 år.

Dei som i 2012 var mellom 40 og 50 år, var fødde i tida 1962–72, medan dei som var mellom 18 og 30 år gamle, var fødde i tida 1982–1994. Tendensen i tala hos Solstad (2012), slik vi her har vist dei i tabellane 2.4, 2.5, 2.6 og 2.7, er at språkoverføringa i familiane styrkte seg på 1980- og på byrjinga av 1990-talet.

Dette samsvarar godt med dei tendensane som vi ovanfor har sett på i Todal (1998), Ravna (2000) og Dannemark og Johansen (2001).

### **2.2.5 Konkluderande merknader**

Tala i dette kapittelet tyder på eit språkskifte frå samisk til norsk fram til 1970-talet. Det vil i praksis seia at ei viss mengd tidlegare samisktalande familiar då gjekk over frå å snakke samisk til å snakke norsk med borna sine heime. Vi har likevel ikkje tal for kor mange familiar dette galdt.

Når vi ser tala frå Todal (1998), Ravna (2000), Dannemark og Johansen (2001) og Solstad (2012) i samanheng, tyder dei på at det skjedde ei viss endring i språksituasjonen i heimane på 1980-talet, slik at samisktalande foreldre i større grad enn før begynte å snakke samisk med borna sine. Dette er ein trend som har styrkt både *kunnskapen i og bruken av samisk språk*.

Sjølv om talet på born som kan snakke samisk, har stige sidan byrjinga av 1980-talet, betyr ikkje det nødvendigvis at det totale talet på samisktalande vart høgare i denne perioden. I fleire bygder der språkskiftet var komme langt rundt 1980, var det sannsynlegvis fleire samisktalande eldre som døydde enn det var samisktalande unge som voks til. Slik sett har det i perioden etter 1980 vore tale om to motsette tendensar samtidig. Vi kan snakke om eit kappløp mellom desse

to tendensane. Utfallet av dette kappløpet bestemmer talet på folk med samisk som aktivt daglegspråk.

## **2.3 Tal for val av samisk som fag i grunnskulen 1990–2012**

Skulen er ein viktig institusjon både i språkformidling, språkutvikling og i arbeidet med å gje språk prestisje. Dei fleste språklege minoritetar legg difor stor vekt på arbeidet med å fremja bruken av språket sitt i skulen.

Både på 1700- og 1800-talet vart samisk brukt som skulespråk. Men fornorskingspolitikken i siste halvdel av 1800-talet fekk gradvis slutt på slik opplæring. Ikkje før i 1967 kom det i gang igjen, då som første lese- og skriveopplæring på nordsamisk for nokre få born der foreldra friviljug valde det i Indre Finnmark. Frå 1968 vart det gjeve opplæring i sørsamisk ved sameskulen i Snåsa, som kom i gang det året.

Med mønsterplanen av 1987 kjem samiskopplæringa i Noreg inn i fastare former med fagplanar for både eit første- og andrespråkløp og med funksjonell tospråklegheit som eit uttalt mål for begge løpa (Kyrkje- og utdanningsdepartementet 1987:148–180, Girko- ja oahpahušdepartementa 1988: 7–8).

### **2.3.1 Kjelder til språkstatistikk for grunnskulen**

Frå 1990 og fram til i dag er det mogleg å finne pålitelege tal for kor mange som har valt samisk som første- og andrespråk i grunnskulen i Noreg. I doktoravhandlinga *Jos fal gáhttet gollegielat* sette Jon Todal opp ei detaljert oversikt over val av samisk i grunnskulen for kvart skuleår på 1990-talet. Tala i denne avhandlinga var henta frå årsmeldingane frå dåverande Samisk utdanningsråd og frå brev frå kommunane. Opplysningane vart dessutan delvis korrigererte ved hjelp av lokalkunnskap. Oversikta i avhandlinga viste tala ned på kommunenivå, og viste dessutan kva fagplan (førstespråk, andrespråk, samisk språk og kultur) som elevane hadde valt i dei ulike kommunane (Todal 2002:87–101).

Statistikken frå 1990-talet har seinare vorte ført vidare, rett nok i mindre detaljert form. I 2008 kom første utgåva av rapporten *Sámi logut muitalit / Samiske tall forteller*, og frå då av vart skulestatistikken årleg oppdatert og kommentert i artiklar der. Tala som er brukte i artiklane om språket i skulen i *Sámi logut muitalit / Samiske tall forteller*, er skaffa fram av Utdanningsdirektoratet, som no tek mot rapportar frå kommunane.

På grunnlag av tala hos Todal (2002) og tal i *Sámi logut muitalit / Samiske tall forteller1–5* kan ein setja opp ei oversikt som vist i tabell 6 under. Tala i kolonnen lengst til høgre (det totale talet på grunnskuleelevar i Noreg) er henta frå personleg kommunikasjon med seksjonssjef Paul Inge Severeide ved avdeling for befolkningsstatistikk i Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 2.8 Talet på elevar i samisk i grunnskulen i Noreg 1990/91–2011/2012**

Skuleår	Første-språk	Andre-språk	Elevar med samisk i alt	Elevar i Noreg i alt
1990/91	593	621	1214	473 078
1991/92	626	736	1362	467 501
1992/93	695	800	1495	462 360
1993/94	743	937	1680	468 061
1994/95	789	909	1698	471 846
1995/96	791	964	1755	478 540
1997/98	897	1218	2115	560 849*
1999/00	971	1376	2347	570 803
2005/06	998	2057	3055	622 031
2006/07	1020	1652	2672	621 013
2007/08	1027	1515	2542	618 589
2008/09	1043	1474	2517	616 139
2009/10	1010	1336	2346	615 927
2010/11	971	1274	2245	615 973
2011/12	940	1213	2153	614 413

\*Ved skulereforma av 1997 vart skulen gjord tiårig, mot før niårig. Dette gjer at tala etter 1997 omfattar eitt årskull meir enn tala for tida før 1997.

Tala for elevar som følgde den tidlegare fagplanen «samisk språk og kultur», er i tabellen rekna inn i talet for «samisk som andrespråk» fram til det førstnemnde faget vart teke bort i 2006.

For skuleåra 1996/97 og 1998/99 manglar det heilt tal, og for skuleåra 2000/01–2004/05 manglar det tal som er samanliknbare med dei andre tala i tabellen. Dette er grunnen til at tabell 6 ikkje inneheld tal for akkurat desse skuleåra.

Ikkje alle tala for samisk som andrespråk for tida før 2000 stemmer med tala for samisk som andrespråk hos Todal (2002). Grunnen er at Todal (2002) handsamar kvar for seg alle dei fagplanane som har vore i bruk, og som ikkje var «samisk som førstespråk». I tabell 2.6 ovanfor er alt som i tida 1990/91 til 1999/00 ikkje var «samisk som førstespråk», slått saman og kalla «samisk som andrespråk».

Det hadde hatt stor interesse å studere endringar i elevtalet i samisk i høve til talet på potensielle samiskelevar. Men dette er det ikkje mogleg å gjera fordi vi ikkje veit kor mange som har rett på samiskopplæring i Noreg.

## 2.3.2 Endringar i elevtala

### *Det samla talet på samiskelevar*

Samanliknar vi det første året i tabellen (1990/91) med det siste (2011/12) i tabellen, ser vi ein total auke på 912 elevar i samisk i den norske grunnskulen. Det vil seia ein auke på 75 %.

No er det ikkje slik at denne auken på 75 % har vore jamn. Fram til 2005/06 steig talet kvart år, og det året var talet på elevar 1843 meir enn i 1990/01 (det vil seia +151 % på 15 år). Etter 2005/06 gjekk talet på samiskelevar kvart år nedover, og havparten av den nyvunne elevmassen var borte i 2011/12. Talet hadde då gått ned til om lag same nivået som det var på i 1997/98.

Tabellen viser òg at talet på førstespråkselevar og andrespråkselevar har endra seg ulikt.

### *Talet på elevar med samisk som førstespråk*

Talet på elevar med samisk som førstespråk var 58 % høgre i 2011/12 enn i 1990/01. Her har stinginga vore mykje meir jamn enn stinginga i det samla talet på samiskelevar. Vi ser av tabellen at talet på førstespråkselevar steig jamt og nådde ein topp med 1043 elevar i skuleåret 2008/09, og gjekk så litt ned i åra etterpå.

Stinginga i talet på elevar med samisk som førstespråk gjennom heile 1990-talet og fram til 2008/09 kan kanskje delvis forklarast med at det faktisk *var* fleire skuleborn med førstespråkskompetanse i samisk i 2008/09 enn det som var tilfelle atten år før. Resultata frå Todal (1998), Ravna (2000), Dannemark og Johansen (2001) og Solstad (2012), som alle er omtala ovanfor, støttar opp under ein slik hypotese.

Men det var nok òg slik at ein del elevar som på 1990-talet hadde reell førstespråkskompetanse i samisk, likevel valde norsk som førstespråk på skulen. Dette kan ha vorte mindre vanleg seinare, og denne endringa kan ha ført til auke i talet på førstespråkselevar i samisk utover på 2000-talet, utan at born med reell førstespråkskompetanse i språket difor har auka.

### *Talet på elevar med samisk som andrespråk*

Av tabellen ser vi at talet på andrespråkselevar i samisk vart mesta fordobla frå 1990/91 til 2011/12. Her er likevel stor svinging innanfor perioden, frå ein topp på 2057 elevar i skuleåret 2005/06 og ned til 1213 elevar i skuleåret 2011/12.

Moglege årsaker til den store nedgangen i åra etter 2005/06 er handsama i artikkelen Todal (2011). Denne artikkelen drøftar årsaker som generell nedgang i

barnetalet i dei tradisjonelle samiske områda i det tidsrommet som det her er tale om, bortfall av fagplanen *Samisk språk og kultur* ved skulereforma av 2006, vanskar med å innpasse faget samisk som andrespråk i skulekvardagen utanfor forvaltningsområdet og bruk av feil tospråkleg opplæringsmodell i skulane som gjev opplæring i faget samisk som andrespråk både innanfor og utanfor forvaltningsområdet.

### **2.3.3 Konkluderande merknader om elevtalet i samisk**

Val av språk i skulen er ein viktig indikator på kva stilling samisk språk har i samfunnet. I motsetnad til andre samfunnsområde finst det her pålitelege tal for samisk språk. Desse tala viser at det etter 1990 har vore ein stor auke i talet på elevar som får samiskopplæring i grunnskulen i Noreg. Dette gjeld samisk både som første- og andrespråk, men talet på elevar i samisk som andrespråk begynte brått å gå nedover i 2006. Her var nedgangen stor i åra etterpå, sjølv om talet i 2011 framleis var mykje høgare enn i 1990.

Den jamne stiginga, og seinare stabiliteten, i elevtala i samisk som førstespråk kan ha fleire årsaker. Ëi slik årsak kan vera at den uformelle samiske språkoverføring i heimane er styrkt dei siste tjuefem åra. Fleire forskingsarbeid støttar opp om at denne språkoverføringa faktisk *er* styrkt (sjå òg kap. 2 ovanfor).

## **2.4 Nokre tal for nordsamisk skriftspråk i dag**

Svært få samisktalande over femti år har fått opplæring i skriftleg samisk på skulen (om dette, sjå innleiinga til kap. 2.3 ovanfor). Folk kan lære seg å lesa og skrive samisk utan at dei har lært det i barneskulen, og mange har sannsynlegvis gjort dette. Det er lettare å lære seg å lesa eit språk enn å lære å skrive det.

For dei som har fått lære skriftspråket i skulen, har det vore lettare. Vi skal her sjå på lese- og skrivedugleik i nordsamisk på norsk side av grensa i 2012.

### **2.4.1 Lesa og skrive nordsamisk**

Rapporten Solstad (2012) har ein tabell som syner lese- og skrivedugleik på nordsamisk hos seks aldersgrupper. Utvalet av informantar her er henta frå innskrivne i Sametingets valmanntal.

Tabell 2.9 nedanfor viser kor godt dei ulike aldersgruppene etter eiga utsegn las nordsamisk i 2012.

**Tabell 2.9<sup>11</sup> Kor godt les nordsamar samisk? I prosent og fordelt på alder**

	18+	30+	40+	50+	60+	70+	Totalt
Ja, det går greitt å lesa alle slags tekstar	34	31	26	27	20	21	26
Ja, så lenge teksten handlar om vanlege tema	14	16	16	18	18	25	17
Ja, når teksten er veldig enkel	23	24	17	21	22	23	21
Nei, eg kan ikkje lesa samisk	30	30	41	33	40	32	35
Sum %	100	100	100	100	100	100	100
Tal	115	198	258	304	255	106	1236

Tabellen viser at fleire blant dei yngste i 2012 las «alle slags tekstar» lett, enn blant dei eldste. Av tabellen ser vi at 21 % av dei over 70 år sa at dei las alle slags tekstar lett, medan 34 % av dei under 30 sa det same. Men ei slik tolking av tabellen gjev eit misvisande inntrykk av dei reelle skilnadene mellom dei yngste og dei eldste. Sidan det i utgangspunktet var det ein mykje høgre prosent som i 2012 *snakka* samisk blant dei over 70 år enn blant dei under 30 år (sjå tabell 2.5 ovanfor), blir det ein langt større prosentvis andel blant dei yngste *samisktalande* som les samisk lett, enn blant dei eldste *samisktalande*. 36 prosent av dei yngste *snakka* samisk lett i dette utvalet (tabell 2.5), og 34 % las det lett (tabell 2.7). Det vil seia at mesta alle nordsamisktalande under 30 år las samisk lett. Av dei over 70 år var det 63 % som *snakka* språket lett (tabell 2.5), medan berre 21 % las det lett (tabell 2.7). Det viser ein stor skilnad i samisk lesedugleik mellom *samisktalande* i den eldste og den yngste aldersgruppa. Tabell 2.10 nedanfor viser kor godt dei ulike aldersgruppene etter eiga utsegn *skreiv* nordsamisk i 2012.

**Tabell 2.10<sup>12</sup> Kor godt skriv nordsamar samisk? I prosent og fordelt på alder**

	18+	30+	40+	50+	60+	70+	Totalt
Ja, det fell heilt naturleg	25	23	15	16	11	8	16
Ja, men eg må tenkje meg litt ekstra om	15	16	18	17	13	15	16
Berre litt, som enkle beskjedar og uttrykk	24	25	16	20	20	24	21
Nei, eg kan ikkje skrive samisk	36	36	51	47	47	53	47
Sum %	100	100	100	100	100	100	100
Tal	115	198	258	304	255	106	1236

Denne tabellen viser endå større skilnad på den eldste aldersgruppa og den yngste enn det som var tilfellet med lesing. Medan 63 % av dei eldste *snakka* samisk lett (tabell 2.5), var det berre 8 % som *skreiv* språket lett (tabell 2.8). 36 % av dei yngste *snakka* samisk lett (tabell 2.5), og 25 % *skreiv* det lett (tabell 2.8).

<sup>11</sup> Tabellen er her attgjeven etter Solstad 2012:132

<sup>12</sup> Tabellen er her attgjeven etter Solstad 2012:132

Tendensane som vi ser når vi les tabellane 2.5, 2.6, 2.7 og 2.8 samla, kan ikkje tolkast annleis enn som svært positive resultat av undervisninga i og på samisk i grunnskulen. Dei eldste fekk aldri undervisning i skriftleg samisk på skulen, medan dei yngste hadde slik undervisning heile skuletida si.

## 2.4.2 Nordsamiskspråklege aviser

Det er ein samanheng mellom kor mange som les samisk lett, og kor stort opplaget på ei samiskspråkleg avis kan bli. I *Sámi logut muitalit / Samiske tall forteller 3* hadde Johan Ailo Kalstad ein artikkel kalla «Samiske medier – oppslutning, omfang og rammebetingelser» (Kalstad 2010). Kalstad definerte her «samiske medium» vidare enn «samiskspråklege medium». Men han sette òg opp ein tabell som viste utviklinga i tingartalet for aviser på nordsamisk spesielt.

Dei to samiskspråklege avisene *Áššu* og *Min Áigi* vart i 2008 slått saman til éi avis, *Ávvir*, som så begynte å komma ut fem dagar i veka.

Tabell 2.11 nedanfor viser endringar i opplagstalet for desse avisene i åra frå 2000 til 2009.

**Tabell 2.11 Opplagstal for nordsamiskspråklege aviser 2000–2012<sup>13</sup>**

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2010	2011	2012
<b>Áššu</b>	969	1003	1129	1117	1084	1021	975	1008	-	-	-	-
<b>Min áigi</b>	964	1142	1197	1072	1211	1179	1177	1104	-	-	-	-
<b>Ávvir</b>									1204	1271	1088	1047
<b>I alt</b>	1933	2145	2326	2189	2295	2200	2152	2112	1204	1271	1088	1047

Her ser vi at *Min Áigi* åleine hadde større opplagstal i 2004 enn den samanslåtte avisa *Ávvir* hadde i 2009.

Kalstad har fleire sannsynlege hypotesar om kvifor det gjekk slik med opplagstalet, men ingen av hypotesane hans har noko med språk å gjera. Det er då òg vanskeleg å tolke inn nokon språklege grunnar til endringane her. Tvert imot har vi ovanfor sett at den samiske lesedugleiken blant nordsamisktalande blir betre.

Men tala reiser spørsmål om kor mange potensielle tingarar det kan vera av ei nordsamiskspråkleg avis. Kva er maksimumstalet? Vi veit at talet på lesarar av ei avis alltid er høgre enn talet på tingarar. Og i dette tilfellet veit vi i tillegg at ein stor del av dei *potensielle* samisktalande tingarane og lesarane ikkje synest det er «greitt å lesa alle slags tekstar på samisk». Det gjeld særleg mange som i 2012 var

<sup>13</sup> Tabellen er attgjeven etter Kalstad 2011:36 + opplysningar gitt av Tor Sara, *Ávvir*



over 50 år, og som aldri fekk lære det samiske skriftspråket på skulen. Samiskspråklege radiosendingar når difor fram til mange fleire enn det eit skriftleg samiskspråkleg medium vil gjera.

Det manglar forskning på korleis dei samiske skriftspråka i dag fungerer i lokalsamfunna. Vi veit òg lite om bruk av samisk i dei sosiale media. Eit interessant spørsmål er om terskelen for å lesa og skrive samisk er lågare der enn i «dei gamle media»?

### **2.4.3 Konkluderande merknader**

Statistikkar hos Solstad 2012 tyder på stor positiv effekt av samiskopplæringa i grunnskulen. Styrking av lese- og skrivedugleik i morsmålet blant dei samisktalande er heilt klart ei styrking av samisk språk generelt.

Det trengst meir forskning på faktisk bruk av samisk som lese- og skrivespråk blant dei unge. Ei slik forskning høyrer ikkje berre inn under språkfaga; både pedagogikk og mediefag vil kunna ha interessante tilnærmingar her.

## **2.5 Samisk i offentleg forvaltning**

Ingen kommunar eller andre forvaltningsorgan var pålagde å bruke samisk før språkreglane i samelova tok til å gjelde i 1992. Det betyr ikkje at samisk ikkje var nytta i forvaltninga før, men ein systematisk og lovpålagd bruk var noko heilt nytt.

I forlenginga av innføringa av språkreglane i samelova vart det i 1992 etablert eit eige geografisk forvaltningsområde for samisk språk. Her skulle samisk og norsk vera likestilte språk i forvaltninga, og samisk skulle elles ha eit særleg sterkt rettsvern. Forvaltningsområdet for samisk språk (heretter kalla forvaltningsområdet) femner i 2013 om dei ti kommunane Kautokeino, Karasjok, Tana, Nesseby og Porsanger i Finnmark fylke, Kåfjord og Lavangen i Troms fylke, Tysfjord i Nordland og Snåsa og Røyrvik i Nord-Trøndelag fylke. Opphavleg var forvaltningsområdet samansett av berre dei seks første kommunane i opprekninga ovanfor. Dei fire kommunane Lavangen, Tysfjord, Snåsa og Røyrvik er etter eige ønske komne til seinare. Det vil i praksis seia at kommunestyra der har gjort vedtak om å søkje staten om å få vera med.

I tillegg til dei ti nemnde primærkommunane har dei fire nordlegaste fylkeskommunane særlege samiskspråklege plikter, og blir gjerne rekna med til forvaltningsområdet. Også *statlege* organ har særlege plikter når dei vender seg til forvaltningsområdet spesielt.

I forvaltningsområdet skal folk kunna bruke samisk i kontakt med offentlege etatar og institusjonar. Også opplæringslova, barnehagelova og stadnamnlova stiller spesielle krav til kommunane i forvaltningsområdet. Mellom anna har alle som er i grunnskulealder og bur i forvaltningsområdet, automatisk rett til samiskopplæring – uavhengig av heimespråk eller etnisitet.

Forvaltningsområdet er ein reiskap som gjer det enklare for styresmaktene å oppfylle dei pliktene som Noreg etter nasjonale lover og internasjonal rett har overfor samisk språk. Denne ordninga gjer at offentlege tiltak blir meir treffsikre enn dei elles ville ha vore, fordi ein svært stor del av dei samisktalande i landet sannsynlegvis bur innanfor dette geografiske området.

Sametinget og departementet har i tida etter at forvaltningsområdet vart etablert i 1992, hatt behov for å følgje med på korleis innføringa av samisk som forvaltningsspråk gjekk. For å kunna studere dette har dei opp gjennom åra bestilt oppdragsforskning med kvantitativ tilnærming til spørsmålet. Vi skal her sjå på resultatane av denne forskinga.

### **2.5.1 Undersøkingar av samisk i forvaltninga på 1990-talet**

I 1996 fekk Samisk språkråd utarbeidd ein rapport som vart kalla: *Språkrevitalisering og samisk-norsk tospråklegheit i offentlege etater. En studie av bruken av samisk som forvaltningsspråk i kommuner i forvaltningssområdet for samisk språk* (Øzerk og Eira 1996). Dei samla inn opplysningar om språkkunnskapar blant tilsette i kommuneadministrasjonane i forvaltningsområdet og opplysningar om faktisk bruk av samisk og norsk i dei same administrasjonane. På den tida var berre seks kommunar med i forvaltningsområdet.

Øzerk og Eira (1996) delte dei kommunalt tilsette inn i fire kategoriar, der kategori 1 var den sterkaste med tanke på tospråklegheit. I denne kategorien plasserte dei folk som både kunne forstå, lesa, snakke og skrive samisk og norsk. Folk i kategori 1 kunne saksbehandle på begge språk på alle nivå. Kategori 4 var den svakaste med tanke på tospråkleg forvaltning. I denne kategorien plasserte dei folk som var einspråkleg norsktalende, og som var fullstendig avhengige av tolk og omsetjarar i situasjonar der samisk vart brukt, det vere seg munnleg eller skriftleg. Den største delen av dei kommunetilsette innanfor forvaltningsområdet tilhørde kategoriane 2 og 3, som låg på ein skala mellom dei to ytterpunkta som er skildra ovanfor. Det var likevel store skilnader kommunane imellom.

Høgast prosent tilsette i kategori 1 hadde kommuneadministrasjonen i Nesseby. Her var 31 % av dei tilsette i den sterkaste tospråklege kategorien. Kåfjord kommune hadde lågast andel med berre 5 % i denne kategorien. Berre 13 % av dei tilsette i kommuneadministrasjonen i Karasjok tilhørde kategori 4, som var

den svakaste (einspråklege) kategorien, medan heile 78 % tilhørde denne kategorien i Kåfjord.

Rapporten målte òg den faktiske bruken av samisk i administrasjonane. Her kom Kautokeino kommune best ut med mest bruk av samisk på møte, i skriv, i referat osv. I det heile gjekk det att i tala hos Øzerk og Eira at det var store skilnader på språkkunnskapane og språkpraksisen frå kommune til kommune. Desse skilnadene spegla av tilhøva utanfor kommuneadministrasjonen, sidan det var stor skilnad frå kommune til kommune på kor sterkt samisk stod som dagleg bruksspråk blant folk.

Øzerk og Eira (1996) rådde kommunane til å satse på å løfte dei tilsette som tilhørde kategoriane 2, 3 og 4, éin kategori opp. Enklast ville det vera å løfte folk i kategori 2 opp i kategori 1. Dette kunne òg få ein stor positiv effekt på *skriftleg* bruk av samisk i kommunane.

Systemet hos Øzerk og Eira (1996) med inndeling av tilsette i fire grupper etter passive språkkunnskapar og aktiv språkdugleik var enkelt, og det skulle vera eit godt grunnlag for å arbeide vidare med styrking av samisk språk i kommunane. Systemet gav Samisk språkråd og Sametinget ein reiskap til kvantitativt å *måle* framtidig framgang eller tilbakegang for samisk i dei ulike kommuneadministrasjonane.

Samisk språkråd brukte denne reiskapen vidare og offentleggjorde tal for utviklinga i årsmeldingane sine fram til rådet vart lagt inn under Sametinget i 2002 og omgjort til Sametingets språkstyre.

## **2.5.2 Undersøkingar av samisk i forvaltninga etter 2000**

Fire år etter rapporten frå Øzerk og Eira (1996) kom det to nye rapportar som handla om bruk av samisk i forvaltninga: *Undersøkelse av bruken av samisk språk*, bestilt av Samisk språkråd (Ravna 2000) og *Tospråklig tjenesteyting. Brukerundersøkelse i forvaltningsområdet for Samelovens språkregler* (Skålnes og Gaski 2000).

Ravna (2000) går ikkje vidare på systemet og kategoriane hos Øzerk og Eira (1996), og har ikkje ei geografisk inndeling som gjer det mogleg for lesarane å samanlikne med denne rapporten. Men den nyare rapporten inneheldt mange nyttige opplysningar om tilstanden i kommunane akkurat rundt 2000.

Skålnes og Gaski (2000) brukte aktivt både Øzerk og Eira (1996) og årsmeldingane frå Samisk språkråd for å skildre situasjonen. Men Skålnes og Gaski (2000) hadde eit anna oppdrag enn dei to andre forskingsarbeida som er nemnde. Skålnes og Gaski skulle sjå på forvaltningsområdet frå *brukarsida* og kartlegge korleis dei samiskspråklege brukarane var fornøgde med den

tospråklege tenesteytinga. Dei fann variasjonar innanfor forvaltningsområdet, men dei summerte opp at innføringa av språkreglane i Samelova hadde verka, og at brukarane jamt over var fornøgde med å ha fått betre høve til å bruke morsmålet i møte med det offentlege. Brukarane var meir misfornøgde med andre ting enn språket, som til dømes lange ventetider. Det var elles påfallande at høvet til å bruke samisk i møte med det offentlege i 2000 var minst der brukarane tykte at det var viktigast å bli møtt på morsmålet, nemleg hos legen og på sosialkontoret.

Rapporten frå Skålnes og Gaski (2000) er ikkje seinare vorten følgd opp av andre for å sjå i kva retning utviklinga går, sett frå brukarsynspunkt.

I åra etter nedlegginga av Samisk språkråd laga det nyoppretta Sametingets språkstyre iallfall to korte rapportar der dei mellom anna drøfta bruken av samisk i offentleg forvaltning (Sametingets språkstyre 2004 og 2008). Her er også ein god del vesentlege opplysningar, men rapportane såg ikkje på trendane i tala over tid.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet finansierte i 2012 ein rapport kalla *Kartlegging av samisk perspektiv i kommunesektoren* (Angell ofl. 2012), og Sametinget finansierte same året rapporten *Samisk språkundersøkelse* (Solstad ofl. 2012). Begge desse rapportane frå 2012 tok opp bruk av samisk i kommuneadministrasjonane, og kom med ny og viktig kunnskap om situasjonen. Men dei knytte seg ikkje til tidlegare arbeid på ein slik måte at det er mogleg å studere tendensar over tid.

Det kan av dette sjå ut som om Samisk språkråd var meir systematisk og målretta i tenkinga si omkring samisk statusplanlegging enn det Sametinget og departementet har vore etter at språkrådet vart nedlagt i 2002. Innhaldet i bestillingane av forskingsrapportar etter 2002 har sprikt, og sentrale tema i statusplanlegginga er ikkje følgde opp.

### **2.5.3 Konkluderande merknader**

Konklusjonen på denne gjennomgangen av utgreiingar og forskingsrapportar om samisk i forvaltninga frå 1996 til 2012 blir at dei ikkje kan brukast til å sjå kva som har vore tendensane i bruken av samisk i kommuneadministrasjonane innanfor forvaltningsområdet i denne perioden. Sjølv om rapportane både er interessante og gode som forskning isolert sett, går dei inn i empirien på eit visst tidspunkt, med kvar sine overordna tilnæringsmåtar, kvar sine spørsmål, kvar sine termar, kvar sine kategori-inndelingar og kvar sine metodar for utval av informantar. Slik blir det umogleg å samanlikne resultata, og dermed umogleg å sjå kva veg utviklinga har gått.

Ut frå rapportane som vi har gått gjennom her, kan det sjå ut som om det tidlegare Samisk språkråd var meir systematisk og målretta i tenkinga si omkring denne delen av samisk statusplanlegging enn det Sametinget og departementet har vore etter at språkrådet vart nedlagt i 2002. Innhaldet i bestillingane av forskingsrapportar etter 2002 har sprikt, og sentrale tema i statusplanlegginga er ikkje følgde opp.

## 2.6 Oppsummering og forslag til tiltak

### 2.6.1 Oppsummering

Det er ei stor, vanskeleg og dyr oppgåve å kartlegge kor mange samiskspråklege som finst. Denne oppgåva er ikkje gjord. Dermed kan vi heller ikkje vita noko sikkert om eventuelle endringar i talet på samisktalande.

Vi veit likevel at det i ein lang periode må ha vore eit språkskifte frå samisk til norsk i mange familiar og bygder, kanskje særleg dei første tretti åra etter andre verdskrigen. Men mykje kan tyde på at både haldningar og praksis snudde til fordel for samisk ein gong på 1980-talet. Dette er ein trend vi skulle ha visst meir om.

Vi har pålitelege tal for val av samisk språk i grunnskulen, og vi har difor sikker kunnskap om at det største problemet der i dag er fråfallet frå opplæringa i samisk som andrespråk. *Sámi logut muiitalit / Samiske tall forteller* peika på dette tilhøvet allereie i første rapporten i 2008 i ein artikkel kalla «Samisk språk i grunnskolen – jevn vekst og brått fall». I artikkelen «Alvorleg nedgang for faget samisk som andrespråk» i *Sámi logut muiitalit / Samiske tall forteller 4* peika vi i 2011 på at ein kanskje ikkje først og fremst mangla kunnskap om situasjonen eller om kva tiltak som *kunne* setjast i verk. Det er handling meir enn nye utgreiingar som trengst.

Det er gjort lite kvantitativ forskning på samisk skriftspråk si rolle i det moderne samiske samfunnet. Her treng vi å vita meir. For dei unge er særleg språket i sosiale medium viktig. Men bruk av samisk i sosiale medium har vi i dag ingen kvantitativ kunnskap om.

Bruken av dei samiske språka i offentleg forvaltning er dårleg kartlagd – trass i at det finst fleire forskingsrapportar om emnet. Dette betyr ikkje at forskingsrapportane kvar for seg er dårlege, men det betyr at den eine rapporten ikkje heng saman med den andre. Her bør departement og Sameting gå gjennom dei rapportane dei har fått, for så å bestille vidare forskning som følgjer opp viktige moment på ein slik måte at ein kan skaffe seg kunnskap om eventuelle *endringar* over tid. Berre då kan ein laga målretta tiltak.

## 2.6.2 Forslag til tiltak

1. Det må arbeidast vidare for å få best mogleg oppdaterte tal for kor mange som kan forstå, snakke, lesa og skrive samisk. Endringar i situasjonen må overvakast.
2. Det må sørgjast for at oppdaterte tal for samisk språk blir formidla også internasjonalt.
3. Det må arbeidast for å få best mogleg oversikt over samisk språkoverføring i heimane. Endringar i situasjonen bør overvakast og overføringa stimulerast.
4. Vilkår for, og faktisk bruk av, samisk språk i sosiale medium bør undersøkjast.
5. Det må lagast eit system som kan måle og overvake framgang eller tilbakegang i bruken av samisk i offentleg forvaltning.
6. På grunnlag av det som offentleg skulestatistikk allereie lenge har synt, må det setjast i gang konkrete tiltak for å stoppe elevnedgangen for faget samisk som andrespråk i grunnskulen, og rekruttere nye elevar (sjå elles artiklar i *Samiske tall forteller* 1, 2, 3, 4 og 5 med påpeiking av akkurat dette).

## Litteratur

Angell, Elisabeth, Áila Márge Varsi Balto, Eva Josefsen, Paul Pedersen og Vigdis Nygaard (2012). *Kartlegging av samisk perspektiv i kommunesektoren*. Alta: NORUT.

Aubert, Vilhelm (1978). *Den samiske befolkning i Nord-Norge*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Bore, Ragnhild Rein (2012). «Mannen er så vaskeekte lapp som i våre dager kan presteres». Artikkel lasta ned 13.03 2013 frå Statistisk sentralbyrå sine heimesider, internettadresse <http://www.ssb.no/a/histstat/artikler/art-2006-02-06-01.html>

Dannemark, Nils, og Yngve Johansen (2001). Ungdomsskoleelever og språkvalg i Finnmark i 1982/83 og 1998/99. I *Maal og Minne* 1, s. 41–63.

Dannemark, Nils (2000). »Nuoraidskuvlaoahppit ja giellaválljen Finnmárkkus 1982/83 ja 1998/99». I *Sámegiela dilli skuvllas ja lagasservodagas*. Kárášjohka: Sámediggi, s. 45–57.

Digitalarkivet. Internettadresse: <http://www.arkivverket.no/digitalarkivet>

Eira, Inger Marie Gaup (2001). *Samisk språk i Norden – Status og domeneutredning*. Utredning nr. 3. Kautokeino: Sámi Instituhtta/Nordisk Samisk Institutt.

Ethnologue. *Languages of the World*: Internettadresse: [http://www.ethnologue.com/show\\_country.asp?name=no](http://www.ethnologue.com/show_country.asp?name=no)

Europarådet (1992). *Europeisk pakt for regions- eller minoritetsspråk*. Strasbourg, 5.XI. internettadresse: [http://www.coe.int/t/dg4/education/minlang/textcharter/Charter/Charter\\_no.pdf](http://www.coe.int/t/dg4/education/minlang/textcharter/Charter/Charter_no.pdf)

Fishman, Joshua (1991). *Reversing Language Shift*. Clevedon: Multilingual Matters.

Girko- ja oahpahasdepartementa (1988). *Minstarplána vuodđoskuvlii. 2. oassi: Sámi fágaplánat*. Oslo: Aschehoug.

Grunnskolenes info-system på Internett, internettadresse: <http://www.wis.no/gsi>

Hansen, Lars Ivar (2013). «Bodde det samer i Tromsø? Hva folketellingene forteller – og ikke forteller.» I *Ottar* nr. 295, s. 25 –33.

Johansen, Yngve (1986). *Kroppøvingsfaget på ungdomsskoletrinnet og elever med samisk miljøtilhørighet i Finnmark fylke*. Hovudoppgåve. Levanger: Levanger lærerhøgskole.

Johansen, Yngve (1999). *Etnisitet og skolemotivasjon blant ungdom i samiske områder*. Kautokeino: Sámi allaskuvla.

Kleven, Ole-Magne, Trygg Jakola, Lone Hegg og Jan Aslaksen (2009). *Evaluering. Bruk av tospråklighetsmidlene*. Finnud.

Kommunal- og regionaldepartementet (2002). *Utgifter knyttet til tospråklighet i kommunene og fylkeskommunene*. Rapport fra arbeidsgruppe. Oslo.

Krauss, Michael (1997). "The indigenous languages of the North: a report on their present state" I Shoji, Hiroshi, og Juha Janhunen (red.). *Northern Minority Languages. Problems of Survival*. Osaka: National Museum of Ethnology, s. 1–34.

Kyrkje- og utdanningsdepartementet (1987). *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Aschehoug.

Lie, Einar (2001): *Faktisk talt. Statistikkens historie i Norge*. Universitetsforlaget.

Michalsen, Rune (2007). *Utvidelsen av forvaltningsområdet for samisk språk gjennom endringa av sameloven § 3-1. Rettslige virkninger og vern av samisk språk*. Masteroppgave i rettsvitenskap. Tromsø: Universitetet i Tromsø.

NOU 1984: 18. *Om samenes rettsstilling*. Oslo: Universitetsforlaget.

Norges offisielle statistikk V. 182 (1912). *Folketellingen i Norge. 1. desember 1910. Finner og lapper. Hjemvendte norskamerikanere. Dissentere. Blinde, døve og sindssyke*. Kristiania: Det statistiske centralbyrå/ Aschehoug & Co.

Norges offisielle statistikk IX. 17 (1933). *Folketellingen i Norge. 1. desember 1930. Samer og kvener. Andre lands statsborgere. Blinde, døvstumme, åndssvake og sinnssyke..* Oslo: Det statistiske centralbyrå / Aschehoug & Co.

Norges offisielle statistikk XI 236 (1956): *Folketellingen 1. desember 1950. Åttende hefte. Personer født i utlandet – Fremmede statsborgere – Bruken av samisk og kvensk*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Nygaard, Vigdis, Áila Márge Varsi Balto, Marit Solstad og Karl Jan Solstad (2012). *Evaluering av samiske språksentre*. Rapport 6. Alta: NORUT.

Pettersen, Torunn, og Johanne Gaup (2001). *Kartlegging og utredning av offentlige samiske informasjonstjenester*. Utredning nr. 1. Guovdageaidnu: Sámi Instituhtta.

Pettersen, Torunn (2006). "Etnisk identitet i offisiell statistikk – noen variasjoner og utfordringer generelt og i en samisk kontekst spesielt". I Stordal, Vigdis (red.): *Samisk identitet. Kontinuitet og endring*. Guovdageaidnu/Kautokeino: Sámi Instituhtta/Nordisk Samisk Institutt, s. 53–84.

Pettersen, Torunn (2012). «Samene i Norge. 40 000 i 40 år?» I: *Samiske tall forteller 5. Kommentert samisk statistikk 2008–2012*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 18–21.

Pettersen, Torunn (2012). «Sápmelaččat Norggas. 40 jagi 40 000?» *Sámi logut muitalit 5 Čielggaduvvon sámi statistihkka*. 2008–2012. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 18–21.



Rasmussen, Torkel (2005). *Jávohuvvá ja ealáska. Davvisámegielaide demografija ja buolvvaidgaskasaš sirdaseapmi Norggas ja Suomas*. Romsa: Romssa universitehta.

Ravna, Ellen (2000). *Undersøkelse av bruken av samisk språk. Om bruken av samisk språk blant privatpersoner i samiske områder, offentlige institusjoner, samiske organisasjoner og samiske bedrifter*. Rapport. Tana: Samisk Nærings- og Utredningssenter.

Ravna, Ellen (2000b). *Tabellhefte. Undersøkelse av bruken av samisk språk blant privatpersoner i samiske områder*. Tana-Oslo: Opinion og SEG.

*Risten.no*. Internettadresse:

[http://www.risten.no/bakgrunn/hist/info\\_sorsamisk\\_no.htm](http://www.risten.no/bakgrunn/hist/info_sorsamisk_no.htm)

Sametingets språkstyre (2004). *Bruken av samiske språk*. Undersøkelse. Guovdageaidnu : Sametinget.

Sametingets språkstyre (2008). *Bruken av samiske språk*. Undersøkelse. Guovdageaidnu : Sametinget.

*Sámi logut muitalit 1–5 Čielggaduvvon sámi statistihkka*. 2008–2012 Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla.

Sammallahti, Pekka (1998). *The Saami languages: An introduction*. Kárášjohka: Davvi Girji.

Torp, Eivind (1986). «Registrering av etnisitet i folketellinger.» I: *Heimen* nr. 2, 198, s. 67–77.

Shoji, Hiroshi, og Juha Janhunen (red.) (1997). *Northern Minority Languages. Problems of Survival*. Osaka: National Museum of Ethnology.

Skutnabb-Kangas, Tove (2000). *Kommentárat raportii Iskkadeapmi sámegeiela geavaheami birra*. Deatnu: SEG/Sámi giellaráddi.

Skålnes, Sigrid, og Margrete Gaski (2000). *Tospråklig tjenesteyting. Brukerundersøkelse i forvaltnings-området for Samelovens språkregler*. Prosjektrapport 2000:17. Oslo: NIBR.

Solstad, Karl Johan, Áila Márge Varsi Balto, Vigdis Nygaard, Eva Josefsen og, Marit Solstad (2012). *Samisk språkundersøkelse*. Bodø: Nordlandsforskning / Nordlánda dutkam.

Statens utdanningskontor i Finnmark / Stáhta oahppokantuvra Finnmárkkus (1999). *Opplæring i samisk i grunnskolen i Finnmark skoleåret 1999/2000*. Vadsø.

Statistisk sentralbyrå: *Samisk statistikk 2006 / Sámi statistihkka 2006*. Oslo/Kongsvinger.

Statistisk sentralbyrå: *Samisk statistikk 2008 / Sámi statistihkka 2008*. Oslo/Kongsvinger.

Statistisk sentralbyrå: *Samisk statistikk 2010 / Sámi statistihkka 2010*. Oslo/Kongsvinger.

Sørli, Kjetil, og Ann Ragnhild Broderstad (2011). *Flytting til byer fra distriktsområder med samisk bosetting*. Tromsø/Oslo: UNIT/ NIBR.

Todal, Jon (1998). *Opplæringa i samisk som andrespråk. Ei undersøking av vilkåra for å lære samisk i grunnskulen*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla.

Todal, Jon (2000). ”Sámegiela mánaid lohku 1990-jagiin.» I: *Sámegiela dilli skuvllas ja lagasservodagas*. Kárášjohka: Sámediggi, s. 29–34.

Todal, Jon (2002). *Jos fal gáhttet gollegielat. Vitalisering av samisk i Noreg i 1990-åra*. Tromsø: Humanistisk fakultet. Universitetet i Tromsø.

Todal, Jon (2003). “The Impact of Norwegian language policy at the micro-level: Saami language maintenance and school-based revitalization. I: Huss, Leena ofl. (red.): *Transcending Monolingualism. Linguistic Revitalisation in Education*. Swets & Zeitlinger Publishers, s. 117–129.

Todal, Jon (2008). Samisk språk i grunnskolen – jevn vekst og brått fall. I: *Sámi logut muitalit/ Samiske tall forteller 1*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 60–71.

Todal, Jon (2011). Alvorleg nedgang for faget samisk som andrespråk. I: *Sámi logut muitalit/ Samiske tall forteller 4*. Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla, s. 19–42.

UNESCO: *Atlas of the World's Languages in Danger*. Internettadresse: <http://www.unesco.org/culture/languages-atlas/>

Øzerk, Kamil, og Inger Marie G. Eira (1996). *Giellaođasmahttin ja sámegiela-darogiel guovttegielalaš-vuohta almmolaš ásašain. Guorahallan movt sámegiella geavahuvvo hálddahušgiellan gielddain mat gullet Samegiela hálddašanguvlui*. Guovdageaidnu: Sámi giellaráddi.

Øzerk, Kamil, og Inger Marie G. Eira (1996). *Språkrevitalisering og samisk-norsk tospråklighet i offentlige etater. En studie av bruken av samisk som forvaltningspråk i kommuner i forvaltningsområdet for samisk språk*. Kautokeino: Samisk språkråd.